

MS «Hasinga» av Lenvik

forliste siste onsdag på Brandsholm-båene ved Mortsund. Skøyta var på tur frå fiskefeltet til Stamsund med ca. 1200 stkr. skrei om bord.

«Hasinga» gikk på grunn med full fart ved høglys dag og i godt vær. Skaden var så stor at skøyta sokk straks. Ei redningskøyta kom til og fekk berga noen hundre fisk og det meste av mannskapet sitt bruk og øvrige utstyr. Men endel gikk sjølsagt tapt og likeins mesteparten av fiskesjøværet.

Eieren av «Hasinga», Ole Rikhartsen, Laukhella, får eit stort tap ved dette forlis. Skøyta som nettop før Lofotturen var oppbakka og ellers hadde fått nytt overbygg og likens fått ny maskinreparasjon, hadde visstnokk fått ny assuransetakst etter den siste påkostnad, men eieren må jo som kjent bære en stor del av vågnaden sjølv, så stort tap vert det. Dertil kommer så ut han vert sett ut av drift. Det siste gjeld og mannskapet. Dette fekk sjølsagt og ikke så lite tap ved forliset

«Hasinga» som var ei av del av de største og beste fiskeskøyter i Lenvik, var trygda i Lenvik Båtforsikring for vel 17,000 kroner.